Fyresdal kommune

Arkiv:	210
Saksmappe:	2026/708-4
Saksbeh.:	Halvor Homme
Dato:	15.10.2026

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 1.9 2026 - Plan og teknikk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		20.10.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:
I samband med tertialrapporteringa rapporterer kommunalsjefane til sine respektive utval om den økonomiske situasjonen innan sektorane. Denne rapporten gjeld plan og teknikk per 1. september 2026, med rekneskap til og med 31. august.

Ved første tertial hadde sektoren eit meirforbruk som i stor grad var knytt til ekstra aktivitet i samband med datasenteretableringa på Molandsmoen. Kommunestyret har løyvd ekstra midlar til dette arbeidet, og delar av midlane er no tilførte sektoren.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til det beste for felleskapet.

Samla viser rekneskapen eit meirforbruk på om lag 200 000 kroner. Sektoren er dermed tilnærma i balanse. Tilførselen av ekstra midlar har kompensert mykje av meirutgiftene som vart omtalte ved første tertial.

Ansvar 1310 teknisk har eit større meirforbruk. Ein vesentleg del av avviket gjeld kommunale avgifter og ser ut til å vere knytt til endra fakturering eller periodisering. Årsaka må avklarast nærare, men avviket er venta å jamne seg ut utover året. Det registrerte meirforbruket på området er difor ikkje utan vidare uttrykk for eit tilsvarande venta meirforbruk ved årsslutt.

Ansvar 1320 reinhald har eit mindreforbruk på nær 300 000 kroner. Ansvar 1300 Plan har eit mindreforbruk på ca. 200 000 kroner. Sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon er om lag i balanse. Næringsområdet som gjeld næringsutleige har eit positivt avvik som bidreg til å redusere det samla meirforbruket i sektoren.

Gebyrinntektene frå mellom anna oppmåling og byggesak kjem no inn og er i tråd med budsjettet. Inntektsutviklinga er positiv og bidreg til eit betre samla økonomisk bilete enn ved første tertial.

Aktiviteten i sektoren er framleis høg, særleg i samband med datasenteretableringa og andre utbyggingsoppgåver. Ein vesentleg del av arbeidet er knytt til investeringsbudsjettet. Det er viktig å følgje opp korrekt føring og fordeling av kostnader mellom drift og investering.

Utviklinga så langt gjev grunnlag for å vente balanse ved årsslutt. Budsjettet blir følgt tett resten av året, med særleg merksemd på periodisering av kommunale avgifter, gebyrinntekter og attståande driftskostnader.

Konklusjon:
Sektor for plan og teknikk er per 1. september 2026 tilnærma i balanse, med eit samla meirforbruk på om lag 200 000 kroner. Ekstra midlar til datasenteretableringa og gebyrinntekter i tråd med budsjettet har betra situasjonen sidan første tertial. Med atterhald om den vidare kostnads- og inntektsutviklinga er prognosen balanse ved årsslutt.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Økonomirapporteringa for sektor for plan og teknikk per 1. september 2026 vert teken til orientering.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk